



April 2017.



Målingane til Joar viser 108 mm. nedbør.

Ny molo:

Bygginga av molo til ny småbåthamn er ferdig. Karane som utførde arbeidet kan nok sitt fag

Småbåthamna er snart klar for innflytting. Så er det å håpe at båtane får det godt i austavinden innafor den nye moloen og at anlegget vert til glede for båteigarane.



I same snuen vart det laga finare og utvida badestrand, ny volleyballbane og andre fasilitetar. Det meste av anleggsmaskiner er no flytta herifrå etter å ha gjort ein god jobb.

Maskinentreprenøren som står bak alt det fine arbeidet er >



Kafédag:



*Jentene frå venstre:
Heidi, Stine, Siri, og Guri.*

Dei opna ”Brøkkebua 2” ved butikken ein dag i påska, selde kaffi, saft, vafler, brownies og hadde loddsal med fine gevinstar.

Pengane dei fekk inn på salget fekk Butikken, og det var 2488 kroner.

Mange, både fastbuande og påskegjester samla seg ved Butikken den dagen.



Kantor Tony Rozendaal ved orgelet i Ortnevik Kyrkje 1 Påskedag.

Under Høgmessa 1 påskedag var Kantor Tony Rozendaal på siste oppdrag i Ortnevik Kyrkje. Etter 24 år som organisten vår, skal han no bli pensjonist og flytter attende til Nederland.

Tony har gjeve oss fin og god musikk i mange samanhengar, alltid ei glede å høyre han spele. I tillegg er han også ein kjekk kar.

Tony stod i fremste rekke og gjorde gjerne største jobben, då kyrkja vår fekk sitt første pipeorgel for nokre år sidan.



Ved avslutning av Høgmessa 1 Påskedag, fekk Tony takk for det han hadde gjort for bygda i alle desse åra. Frå Ortnevik Grendelag takka Inge og gav Tony ”Turhefte for Ortnevik”, med velkommen attende til bygda for å gå på tur.



Neste Gudsteneste i Ortnevik vert 17 mai kl. 1300, ved Andreas Ester.

Demmegard:

Trestolpane som står i elva nede mot osen, er restane etter demmegarden som var brukt under fløyting av ved. På stolpane vart det festa grindar, dette fanga opp veden som kom med elva og leia den inn mot land.

Når veden kom mot land, sto mannskap med hest og kjerre (kjerra vart rygga ut i elva) klar for å få veden innover land.



I samtale med Ingvar tidfester me at det er 75 år sidan elva vart brukt til fløyting og at stolpane er nok endå eldre. Det er difor uventa at stolpane endå står på plass.

Fløytinga vart sett i gang om våren når elva vart stor, gjerne sist i mai eller juni. Det vart fløyta både skieved og runde kubbar. Fløytarane starta i 4-5 tida om morgonen med å hive veden på elva. Så følgde dei etter nedover elva på begge sider, med lange fløytekrokar og reinska med seg all veden som hengde seg fast.

Ingvar fortel at han hugsar godt siste gongen elva vart brukt til fløyting:

” Eg var 8 år og skulle gå med mat til fløytarane framme i Kleiva. Medan karane hadde matpause ville eg hjelpe til og løyse ved som sette seg fast. Eg datt då på elva og for nedover med straumen til eg kara seg opp på ein stein midt i elva. Fløytarane hadde lange fløytekrokar som dei nådde ut til steinen med og eg fekk besked om å ta godt fast tak i ein slik og vart så dregen inn på fast land.”

Ymse arbeid:

På årsmøtet i Grendelaget vart det stilt spørsmål om pussing og lakking av kjellargolvet i Grendehuset. Dette er no gjennomført med god innsats frå Leif Tore og Helge Ø. Begge brukte ein lang dag på å pusse golvet, og Leif Tore har lakka i 3 strøk.

Også golvet i møterommet er vorte blankt og fint. Grendelaget takkar begge to for flott dugnadsinnsats med begge romma.

Seneteppet i kjellaren er også til reoperasjon hjå Kristi. Vi sender det også til Førde for rens før det vert hengt opp att.

Sikring av trapper i Grendehuset vil også bli utført så snart vi finn rette måten å gjere det på.

Ellers skjer det mykje med nye anlegg i bygda no, og vi ynskjer alle som gjer ein innsats lykke til vidare.

(Leiar i Grendelaget: Inge)

Hjorteteljing:



Viltnemnda har teljing av hjort tre helgar i vår. Torbjørn som er med i teljekorpset fortel at det ved teljerunde nr. to vart det talt 200 hjort berre her i bygda. Teljinga pågår berre ved å køyre etter vegen.

Dette viser at mengder av hjort er stigande her i bygda og dei tek godt for seg av foret som husdyra skulle hatt.

Nytt hus på neset.

På slutten av meldinga denne gangen må vi ha med ei skikkeleg gladsak. Endeleg ser det ut for å bli nytt hus på bustadfeltet på Fagernes. Det er snart 20 år sidan bygda hadde dugnad for å opparbeide eit flott område ute på Neset. No er gravinga starta på eit stort hus som skal huse blant anna mannskapet på Tansøy. Det er Helge D. som investerer i 4 leiligheiter i flott og moderande hus. Dette har mange ynskt skal skje lenge, og styret i Grendelaget er veldig glad for dette prosjektet.

Vi kjem tilbake med meir om dette i neste melding.



Foto: Geir Arne

Helsing frå Grendelaget!